


# Referat frå møte i FAU 28.11.23

| | |
|---|---|
| **Dato:**<br>**28.11.2023 kl.1900** | |
| **Kven møtte** | <table><tr><td></td><td>**Hoved kontakt**</td><td>**Vara**</td></tr><tr><td>SFO</td><td></td><td>Ingeborg Havås Gunnarsen</td></tr><tr><td>1 trinn:</td><td>Marianne Huseby</td><td></td></tr><tr><td>2 trinn:</td><td>Nina Støkkan-Glesnes</td><td></td></tr><tr><td>3 trinn gr1:</td><td>Lisbeth Hjelle</td><td></td></tr><tr><td>3 trinn gr2:</td><td>Birthe Westgaard</td><td></td></tr><tr><td>4 trinn:</td><td>Kari Ann Midttveit</td><td></td></tr><tr><td>5 trinn:</td><td>Marit Bø</td><td></td></tr><tr><td>6 trinn gr1:</td><td></td><td></td></tr><tr><td>6 trinn gr2:</td><td>Jørgen Kausland</td><td></td></tr><tr><td>7 trinn gr1:</td><td></td><td></td></tr><tr><td>7 trinn gr2:</td><td></td><td></td></tr><tr><td></td><td>Rektor Linda Selheim</td><td></td></tr></table> |
| **Stad:**<br>Spildepollen skule – møterom v/personal | |

| **Sak** | **Beskriving** |
|---|---|
| **Godkjenning innkalling og saksliste** | - Godkjent |
| **Godkjenne referat frå sist møte** | - Godkjent |
| **Registrering av styre i Brønnøysund** | - Status: Melding er sendt til Brønnøysund. Alle faste medlemmer er meldt inn. |
| **Orientering om arbeid med sosial læringsplan** | - Rektor orienterer<br>• Skulen jobbar med å lage sosiale kompetansemål. Det er viktig at det er ein raud tråd i arbeidet og at tinga vi jobbar med må støtte kvarandre. Den sosial læreplan er snart ferdig. Den inneheld blant anna ordensreglementet og ein forventningsplakat for både elevar, tilsette og foreldre. Skulen jobbar ut ifrå både Smart Oppvekst og De utrolige årene. Læreplanen skal gjelde heile skulen, gjennom heile skuleløpet. Målet er å gjere kompetansemåla meir synleg og lettare å bruke for tilsette, og for |




| | |
|---|---|
| | elevar å forstå. Den sosiale læreplanen bli presentert til FAU når den er ferdig. Gjerne på neste FAU-møte 13. februar. |
| **Innspel til endringar på ordensreglar** | - Rektor går gjennom endringar som er foreslått:<br><br>Pkt 3: Alle skal møte presis til timane og ha med seg naudsynt utstyr og klede. - *ok*<br>Pkt 4: Det er alle sitt ansvar å ta vare på skulebygningane, uteområda og dei fysiske læremidla som blir nytta. Læremiddel kan vere bøker, skrivesaker og digitalt utstyr. -*ok*<br>Pkt 5: Alle må halde seg innanfor skulen sitt område i skuletida. Alle må også opphalde seg i det læringsarealet undervisninga føregår. -*ok*<br>Eget punkt: Elevar skal ikkje gå på butikken utan ein vaksen på veg til skulen. -*ok*<br>Pkt 7: Mobiltelefon og smartklokke skal vere avslått og/eller i skulemodus/flymodus i heile skuletida og på skulen sitt område. -*ok*<br><br>Ved brot på reglane:<br><br>Nytt første punkt: Samtale med lærar i friminutt og/eller sitje inne i friminutt.<br>Pkt 4: Ta vekk «reparasjonar».<br>Pkt 2 blir omskrive. |
| **Fulle busser** | - Foreldre frå Telavåg har tatt kontakt med FAU fordi buss til skulen er full og dei minste borna blir då ståande.<br>- Ynskjer dialog med rektor på korleis vi kan arbeide med dette punktet.<br>• Rektor har snakka med Skyss så dei er kjent med problemstillinga. Rektor ber foreldre som opplever dette om å sjølv ta kontakt direkte med Skyss.<br>• Rektor undersøker total tal på elevar frå både Spildepollen og ungdomsskulen. Dette for å kunne gje ei tilbakemelding til FAU på setekapasitet opp mot elevtal.<br>• FAU føl opp saka på neste møte. |
| **Bruk av skjerm i matpusen** | - Rektor orienterer om korleis skulen nyttar skjerm i matpausen.<br>• Varierande praksis: nokon bruker mykje, nokon brukar lite. Tilsette bedømmer sjølv elevgruppa og kva som fungerer for den gruppa. FAU stiller spørsmål med det sosiale ved måltidene, og rektor tar innspel med tilbake til personalgruppa. |
| **Gjennomgang og revidering av årshjul** | - Årshjula til FAU og skulen bør vere samkøyrt. Vi tek ein diskusjon om årshjulet i lag med rektor. |




| | |
|---|---|
| | • Ønske frå skulen om å arrangere Halloween slik alle blir invitert og man unngår utanforskap. Tips om at haustens sosialkveld på trinna kan arrangerast med halloween-tema.<br>• Representantar frå 7. trinn må avklare om dei vil arrangere Vinterball, og evt ta kontakt med dei andre skulane.<br>• Oppdatert årshjul vert publisert på nettsida til skulen. |
| **Leikeapparat / le-skur** | - FAU har fått fleire innspel på at det er lite leikeapparat tilgjengeleg på skulen. FAU ynskjer dialog med rektor på korleis vi kan arbeide med denne saken.<br>- Det er og ytra ynskje om fleire le-skur på området<br>• Skulen har ikkje økonomi til å kjøpe fleire leikeapparat og skulen er ikkje prioritert i budsjett sidan den er så ny. Elevråd og tilsette har veldig lyst på le-skur.<br>• FAU og skulen må samarbeide med kommunen om å leggje ein plan for uteområdet og videre utvikling |
| **Temakveld – nettvett** | - Leggje ein plan for gjennomføring av temakveld.<br>• Jørgen har hatt kontakt med Barnevakten og prøver å få fastsett ein dato i januar/februar. |
| **17.mai møte** | - Må utsetje til januar 2024 |
| **Spørjeundersøking frå FUG** | - Gjennomgang av FUGs haust undersøkelse<br>• Vi føler vårt FAU fungerer godt og at vi har gode rutinar i måten vi jobbar. |
| **Julegåve** | • FAU gjer gåve frå alle foreldre til alle tilsette på skulen. Derfor trengs det ikkje samlast inn klassevis. |
| **Eventuelt** | • Skulen er bekymra for aukande seksuell åtferd og språk på mellomtrinnet. Skulen ønsker å jobbe saman med foreldra for å endre dette. Kordan skal vi klare det? Rektor sender ut informasjon, og håper foreldra kjem meir på banen. |